

RETT TIL OPPLYSNINGAR OM BARNET IFLG. §47 I BARNELOVA

§ 47. Rett til opplysningar om barnet.

Har den eine av foreldra foreldreansvaret aleine, skal denne gje den andre opplysningar om barnet når det blir bede om det. Den andre har også rett til å få opplysningar om barnet frå barnehage, skule, helse- og sosialvesen og politi, om ikkje teieplikta gjeld andsynes foreldra. Slike opplysningar kan nektast gjeve dersom det kan vere til skade for barnet.

Avslag på krav om opplysningar etter første stykket andre punktum kan påklagast til fylkesmannen. Reglane i forvaltningslova kapittel VI gjeld så langt dei høver, jamvel om avslaget er gjeve av private.

I særlege høve kan fylkesmannen avgjere at den som ikkje har foreldreansvaret, skal tape opplysningsretten etter paragrafen her.

På bakgrunn av § 47 i barnelova, ønskjer skulen følgjande opplysningar når barnet bur saman med den eine av foreldra :

Eleven sitt namn: _____

Begge foreldra har foreldreansvar

Far har foreldreansvar Mor har foreldreansvar (kryss av)

Når foreldra har felles foreldreansvar:

Foreldre med felles foreldreansvar har krav på å få den same informasjonen frå skulen om barnet.
Begge foreldre kan også møte til samtaler, foreldremøte m.v.
Meldingar, innkallingar og liknande blir sendt eleven sin heim når ikkje anna er avtala.

Når den eine foreldra har foreldreansvaret åleine:

Har den eine av foreldra foreldreansvaret åleine, skal denne gje den andre opplysningar om barnet. Det er den som har foreldreansvaret som avgjer om den andre kan møta på samtaler og foreldremøte.

Kan den som ikkje har foreldreansvaret møte på foreldremøte, samtaler og liknande? Dette avgjer den som har foreldreansvaret.

Ja: Nei:

Dersom ja, er det den som har foreldreansvaret, som skal varsle den andre om møte, samtalar og liknande.

I tillegg gjeld følgjande frå §47:

"Den andre har også rett til å få opplysningar om barnet frå barnehage, skule, helse- og sosialvesen og politi, om ikkje teieplikta gjeld andsynes foreldra. Slike opplysningar kan nektast gjeve dersom det kan vere til skade for barnet".

Dato: _____

Underskrift(er). Begge foreldra skriv under ved felles foreldreansvar.
